

Grusbana skal ikkje seljast!

19.01.2010



Styret i UIL strekar under at grusbana ikkje skal seljast. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i idrettslaget registrerer at forslaget om å selje deler av området kring grusbana vekkjer debatt og sterke kjensler. Vi vonar at folk vil ta med seg både debatten og kjenslene til årsmøtet kommande søndag, og slik bidra til å kaste ljós over alle sider ved saka.

Styret ynskjer likevel allereie no å informere om kva forslaget inneheld, og, kanskje viktigare, kva det ikkje inneheld.

Forslaget som årsmøtet skal ta stilling til, vil vere om lag i denne duren: *styre i Idrettslaget kan selje tomtelandet mellom grusbana og Geilo-vegen. Årsmøtet oppmodar styret om å bruke pengane på ein måte som skapar positiv aktivitet for bygda og medlemmane.*

Vi føreslår altså ikkje å selje sjølve grusbana. Vi føreslår heller ikkje å omdisponere grusbana til å fungere som noko anna enn aktivitetsskapar for born og unge i bygda. Asbjørn Soltvedt har heilt rett i at grusbana har ei unik plassering, og at ungar i bygda her kan vere aktive i trygge omgjevnader. Dette er eit sentralt poeng! Trøbbelet er berre at grusbana knapt er i bruk utanom i skuletida. Resten av døgeret ligg grusen brakk. Deler av grusbana har allereie teke skeia i eiga hand og bestemt seg for å bli til grasbane. Ikke alle synest at dette er vakkert. For idrettslaget kjennest det meiningslaust å bruke pengar og dugnadstimar på å halde vedlike eit område som ingen brukar.

Den gongen då grusbana vart bygd, då var det verkeleg trong for ei grusbane. UIL hadde både A-lag, junior-, gute- og smågutelag. A-laget var ei tid i same divisjon som Trio, og vi trenta på grusbana heile vinteren med eitt mål for auga: å slå Trio på Heio. Føre tusen tilskodarar på Heio nikka Helge Myklebust inn 2-1-målet til ellevill jubel. Jau, ein kan mimre til auga vert stort og vått. Poenget er at det var trong for ei grusbane til vintertrening. No er det ikkje lenger trong for det. Styret i idrettslaget trur heller ikkje at det vil vere trong for eit slikt areal i framtida, verken på kort eller lang sikt.

Med bakgrunn i dette, har styret i idrettslaget hatt ein ambisjon om å tenkje nytt kring bruken av dette arealet. Vi har freista å finne svar på følgjande spørsmål: korleis leggje til rette for mest mogleg aktivitet på grusbana? Altså: korleis få mest mogleg svette og glede pr kvadratmeter? Førebels veit vi ikkje heile svaret, men vi er temmeleg trygge på at deler av svaret vil vere å leggje til rette for andre aktivitetar enn fotball.

Til saka: dersom vi sel tomtelandet mellom grusbana og Geilo-vegen, då vil idrettslaget tene mykje pengar. For desse pengane kan idrettslaget omskape grusbana til å verte eit område tilrettelagd for aktivitetar på ein heilt annan måte enn det er i dag. Kanskje kan ein byggje ballbinge på deler av arealet? Erfaringane frå andre stader er at ballbingar skapar svært mykje aktivitet, ikkje berre fotball.

Kanskje kan ein realisere ein gamal ide om ei kunst-hockey-bane på deler av arealet? Tennis-bane? Kanskje kan ein behalde halve grusbana som grusbane, og såleis leggje til rette for evt framtidige treningsbehov? Kanskje skulle ein freista å få kunstgras på halve bana? Kanskje vil einkvann på årsmøtet fremje eit forslag som ingen i styret har tenkt på?

Dette vil i så fall glede oss.

I morgen vil i dag vere i går. Det er viktig at vi tilpassar våre areal til ulike behov til ulike tider. Idrettslaget er ikkje det det ein gong var, og ein må endre tankemåte i takt med utviklinga. Dette er bakgrunnen for at styret no fremjar forslag om sal av tomteland kring grusbana.

Styret vil med dette ynskje alle velkommen til årsmøtet på søndag.

**For styret i UIL
Bjørn Olav Tveit**